



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje
Postboks 48, 6069 Hareid



tru



håp

“Så blir dei verande desse tre:
tru, von og kjærleik.
Og størst av dei er kjærleiken.”

1.kor.13,13

kjærleik



Trusopplæring

12 ÅR - VÅR 2024

Bli med til Kjeldsund på leir
Hareid Kyrkjelyd



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje
Postboks 48, 6069 Hareid
Tlf 70 09 51 30
www.hareid.kyrkja.no



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

www.kyrkja.no/storstavalt

Velkomen til å ta del på trusopplæringa for 12 åringar

For dei som blir 12 år/går i 6. klasse inviterer vi til ei heil helg med leir på Kjeldsund



Leiren er frå fredag til søndag 19.-21.april

Leir på Kjeldsund kan vere veldig kjekt! Her kan du vere saman med vener og få nye vener undervegs. Alle får tildelt rom saman med 2 eller 3 andre. Du kan velge om du har med sovepose eller sengtrekk, (kan låne dyne og pute)

Om du vil kan du melde frå om eit namn på ein som du yn-sker å dele rom med, så plasserer vi alle etter beste evne.

Alle må ha kle til å vere ute og inne i, tilpassa veret som er den helga. Ta med Bibelen du fekk som 10 åring, (dersom du var med i trusopplæringa og fekk Bibel)

Vi skal leike, synge, gjere oppgåver, ete, grille, brenne bål, padle kano, sove, sjå film, høyre historier osv.

Høyrest det kjekt ut? Det kjempeviktig med påmelding i god!

Heimreis søndag 21.april kl.13:00

Mobiltelefon og klokke ein kan ringe og melde med, kan ligge igjen heime. Dersom den blir med til Kjeldsund, samlar vi inn. Den som treng å kontakte dei heime, får låne med leidar. Dei heime kontaktar Barbro dersom det er noko viktig.



På leir gjer vi mykje kjekt!

Dersom veret er greit, kan vi låne flytevestar og kanoar på Kjeldsund slik at vi kan padle. Der er fotballbane, aktivitetsrom med bordtennis og biljard. Vi kan vere i klatrevegg og slenge i ei kjempestor slenge i skogen.

Når vi møtast fredag kl.18:00 skal vi vere ute. I gapahuken i skogen skal vi grille pølser og kose oss.

Laurdagen har vi mange aktivitetar og vi får 3 måltid på huset, derfor er det viktig at du melder frå om eventuelle allergiar.

Det er lov å ha med litt godteri, men er sjølvsagt ikkje lov med energidrikk.

VIKTIG MED PÅMELDING innan 16.april kl.20:00!

Påmelding til SMS 92090174 og vipps kr.150,- til 16290 som påmeldingsgebyr, først då er påmelding registrert. (ikkje refundert) ”deltakaravgift”

Sjølve leiren kostar kr.1050,- og det betalar du inn til kontonr. 4213.40.35026, merk med namn på deltakar.

e.post: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no

Påmelding - Trusopplæring 12 år

Meld på til telefon 70 09 51 30 eller SMS 920 90 174.

Viktig med påmelding i forkant, så vi kan legge best mulig til rette for alle.

Som foresett vil eg at skal vere med på leir.
 Som foresett tillet eg at det kan takast bilete som blir publisert utan namn.

Som foresett kan eg hjelpe til heile leiren eller deler av leiren

Er det noko vi må vere merksame på / tilrettelegge spesielt for at ditt barn skal ha godt utbytte av samlinga kan de notere det her:

Kontakttelefon

Underskrift foresatt